








Skjåk kommune

PROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtestad: Skjåk Kommunehus	Møtedato: 8. mai 2020	Frå kl. 1100	Til kl. 1400
--------------------------------------	---------------------------------	------------------------	------------------------

Møteleiar:	Arnfrid Austin		
Møteinnkalling (kunngjering)	Møteinnkalling sendt 29. april 2020		
Til stades:	I alt 5 medlemmar	Av desse 5 faste medlemmar	
Andre frammøtte	Økonomisjef Odd Gudbrand Aamodt Kommunedirektør Ivar Bø Revisor Anne Hesthagen Ordførar Edel Kveen Sekretær Morten Sørhage førte møteboka.		
Saker som vart handsama	Sak nr./år: 08 - 12/2020		
Merknader til møtebok	Ingen		
Vi sannar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart bestemt på møtet.	 Arnfrid Austin  Arild de Presno  Sigrun Kveen  Knut Vindheim  Laurits Ørjasæter		

Protokoll frå utvalsmøtet sendt til

- ☐ Medlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Varamedlemmane av kontrollutvalet
- ☐ Ordføraren og rådmannen
- ☐ Innlandet Revisjon IKS
- ☐ Presse



KONTROLLUTVALET I SKJÅK

MØTEBOK

	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	8. mai 2020	Kontrollutvalet	08/2020

Vedlegg:

- Revisjonsmelding for kommunerekneskapen 2019 datert 10. mars 2020
- Kundebrev 1/2020 avslutning og behandling av årsregnskapet 2019
- Rekneskapen m/vedlegg og årsmelding 2019. (Eigen sending)
- Saksframlegg om disponering av overskot 2019

SKJÅK KOMMUNES ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2019

Saksframlegg:

Etter § 7 (§ 3 i ny forskrift) skal kontrollutvalet gi uttale til kommunens årsrekneskap.

Kommunerevisor har gått gjennom rekneskapen i samsvar med gjeldende regler. Revisor mener at den er i samsvar med lov, forskrift og kommunal rekneskapsskikk. Rekneskapen gir i det vesentlige ei dekkjande framstilling av den finansielle stillinga til Skjåk kommune.

Kommunedirektøren har denne innstillinga til disposisjon av overskot 2019:

Formannskapet tilrår at kommunestyret disponerer overskotet i 2019 på 11.127.454,28 kroner slik;

1. 2.000.000 kroner blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101, for å bytte ut finansiering lån med finansiering frå ubunde investeringsfond.
2. 1.900.000 blir avsett til ubunde investeringsfond, konto 2530101.
3. 1.027.454,28 kroner blir avsett til disposisjonsfond, konto 2561101, og av dette blir 160.000 kroner løyvd til oppvaskmaskin
4. 1.400.000 kroner blir avsett til likviditetsreserve, konto 2539999.
5. 4.800.000 kroner blir avsett til kraftfond, konto 2561512.

Etter gjennomgang av motteke materiale har sekretæren for kontrollutvalet ingen merknad til revisor sin konklusjon. Idet sekretæren syner til revisjonsmeldinga dagsett 10. mars 2020 vil ein rå kontrollutvalet til å gi slik

uttale:

Til kommunestyret i Skjåk kommune:

Uttale om årsrekneskapen til Skjåk kommune 2019 frå Skjåk kontrollutval

Kontrollutvalet har i møte den 8. mai 2020 i sak 08/2020 handsama årsrekneskapen til Skjåk kommune for 2019.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga, kommunedirektørens årsmelding og innstilling til disposisjonsvedtak. I tillegg har revisor og rådmannen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Kontrollutvalet har merka seg at Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 11 127 454 (2018: kr 3 119 572).

Netto driftsresultat er kr. 18 000 561 (2018: kr.3 276 833. Med korrigering for premieavvik utgjør dette kr. 15 674 698 eller 6,1 % av driftsinntektene, mot 0,9 i 2018. Budsjettmålet 2019 var 0 %. Det langsiktige målet er 3 %.

Brutto lånegjeld utgjør kr. 260 560 348. Dette er 101 % av brutto driftsinntekter. Målet for 2019 var 112 %, mens det på sikt er 100 %.

Frie disponerte midlar utgjør kr. 18 139 000, som er 7,3 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er vedteke til 8,33 %.

Kontrollutvalet merkar seg at dei økonomiske måltala i hovudsak er i samsvar med fastsette mål.

Ut over det som er nemnt ovanfor har ikkje kontrollutvalet merknader til Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2019. Den samla informasjonen syner ei god økonomisk styring.

Handsaming:

Økonomisjef Odd Gudbrand Aamodt orienterte om rekneskapen og årsmeldinga, svarta på spørsmål og gjorde greie for begrep i årsmeldinga.

Revisor gjekk gjennom revisjonsprosessen.

Kontrollutvalet hadde ingen spesielle kommentar til saka, men diskuterte endring i ordlyden i siste setning av forslaget til uttale. Etter prøvevotering fann utvalet å halde ved framlegget.

Vedtak:

Uttale om årsrekneskapen til Skjåk kommune 2019 frå Skjåk kontrollutval

Kontrollutvalet har i møte den 8. mai 2020 i sak 08/2020 handsama årsrekneskapen til Skjåk kommune for 2019.

Grunnlaget for handsaminga er den framlagde årsrekneskapen, revisjonsmeldinga, kommunedirektørens årsmelding og innstilling til disposisjonsvedtak. I tillegg har revisor og rådmannen gjeve kontrollutvalet munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Kontrollutvalet har merka seg at Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 11 127 454 (2018: kr 3 119 572).

Netto driftsresultat er kr. 18 000 561 (2018: kr.3 276 833. Med korrigerering for premieavvik utgjør dette kr. 15 674 698 eller 6,1 % av driftsinntektene, mot 0,9 i 2018. Budsjettmålet 2019 var 0 %. Det langsiktige målet er 3 %.

Brutto lånegjeld utgjør kr. 260 560 348. Dette er 101 % av brutto driftsinntekter. Målet for 2019 var 112 %, mens det på sikt er 100 %.

Frie disponerte midlar utgjør kr. 18 139 000, som er 7,3 % av brutto driftsinntekter. Handlingsregelen er vedteke til 8,33 %.

Kontrollutvalet merkar seg at dei økonomiske måltala i hovudsak er i samsvar med fastsette mål.

Ut over det som er nemnt ovanfor har ikkje kontrollutvalet merknader til Skjåk kommune sin årsrekneskap for 2019. Den samla informasjonen syner ei god økonomisk styring.

Samrøystes.



KONTROLLUTVALET I SKJÅK MØTEBOK

	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	8. mai 2020	Kontrollutvalet	09/2020

Vedlegg:

Kontrollrapport frå Skatteetaten for 2019 vedr. skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune
Årsrapport for 2019 frå Skatteoppkrevjaren i Ottadalen
Årsmelding frå Arbeidsgjevarkontrollen i Nord-Gudbrandsdalen

KONTROLLRAPPORT 2019 OM SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I SKJÅK KOMMUNE

Saksframstilling:

Skatteoppkrevjarfunksjonen er eit samarbeid mellom dei fire Ottadalskommunane. Funksjonen er lagt til Vågå kommune og er regulert etter kommunelova § 28-1b som eit administrativt vertskommunesamarbeid, der administrasjonssjefane (eller den dei delegerer) utgjer eit samarbeidsutval.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare om skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunen vert utøvd tilfredsstillande etter gjeldande regelverk på områda:

- Intern kontroll
- Rekneskapsføring, rapportering og avleggjing av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkreving
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjonen av skatteoppkrevjarfunksjonen i kommunane medan Skatteetaten utfører kontrollen. Kontrollrapporten konkluderer med at skatteoppkrevjaren i det alt vesentlege har internkontroll i samband med gjeldande regelverk

Arbeidsgjevarkontrollen utgjer 2,2 % av arbeidsgjevarane i Skjåk kommune. Kravet frå Skattedirektoratet er 5 %. Arbeidsgjevarkontrollen er organisert under Skatteoppkrevjaren i Ottadalen. Verksemda dekkjer heile Nord-Gudbrandsdalen, der kontrollgraden i snitt er 5,2 %.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune for 2019 til orientering.

Handsaming:

Kontrollutvalet hadde spørsmål om omfanget av arbeidsgjevarkontrollen.
Sekretær sender spørsmålet om avvik arbeidsgjevarkontroll til skatteoppkrevjar.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek rapporten om skatteoppkrevjarfunksjonen i Skjåk kommune for 2019 til orientering.
Samrøystes.



ARKIV	SAKSBEHANDLAR	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR
	Morten Sørhage	8. mai 2020	Kontrollutvalet	10/2020

SKJÅK ENERGI KF – REKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2019

Saksdokument:

- Årsregnskap 2019 med rekneskap og noter
- Protokoll frå styremøte

Saksframlegg:

Rekneskapen til Skjåk Energi KF er eit særrekneskap. Det må settast opp etter rekneskapslova. I tillegg kjem reglar i energilova, kommunelova, forskrift om særbudsjett, særrekneskap, årsberetning for kommunale og fylkeskommunale føretak og god rekneskapskikk i Noreg.

Etter forskrift om kontrollutval § 7 skal kontrollutvalet uttala seg om årsrekneskapen før den blir vedteke av kommunestyret. Kopi av uttalen skal være hjå formannskapet før dei gjer innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Innlandet Revisjon IKS konkluderer med at rekneskapen er i samsvar med lov og forskrift. Det gjev eit rett bilde av finansiell stilling.

Skjåk Energi KF har i 2019 overført all verksemd til Skjåk Energi AS. Selskapet har derfor ikkje omsetnad, tilsette og aktivitet.

Forslag til uttale:

Til kommunestyret i Skjåk kommune

Uttale frå Skjåk kontrollutval til årsrekneskapen frå Skjåk Energi KF for 2019

I sak nr. 10/2020 handsama kontrollutvalet årsrekneskapen til Skjåk Energi KF for 2019.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen for 2019 og revisjonsmeldinga, datert 17.2.2020.

Eigenkapitaldelen er på 0 %.

Kontrollutvalet har ingen merknad til den framlagde årsrekneskapen for 2019.

Handsaming:

Økonomisjef Tordis Brandsar orienterte om prosessen med overføring av kommunalt foretak til aksjeselskap og den nye selskapsstrukturen.

Vedtak:

Uttale frå Skjåk kontrollutval til årsrekneskapen frå Skjåk Energi KF for 2019

I sak nr. 10/2020 handsama kontrollutvalet årsrekneskapen til Skjåk Energi KF for 2019.

Grunnlaget for handsaminga er årsrekneskapen for 2019 og revisjonsmeldinga, datert 17.2.2020.

Eigenkapitaldelen er på 0 %.

Kontrollutvalet har ingen merknad til den framlagde årsrekneskapen for 2019.

Samrøystes



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	8. mai 2020	Kontrollutvalget	11/2020

Vedlegg:

Selskapskontroll "Ansettelse ved Nord-Gudbrandsdal Regionkontor" (eigen sending)
Sak nr. 32/2019 Vågå kontrollutval / Sak nr. 09/2020 Vågå kommunestyre

SELSKAPSKONTROLL OM TILSETTINGAR VED NORD-GUDBRANDSDAL REGIONKONTOR

For sjølve saksutgreiinga, er vedlagt handsaminga i Vågå kommune. For ein kort oppsummering, vart saka varsla til sekretariatet. Varslinga stilte spørsmål ved tilsetting av dagleg leiar og prosjektleiar ved regionkontoret. Nord-Gudbrandsdal regionråd er eigen juridisk eining med dei seks Norddalskommunane som eigarar. Grunna tilknytning bestilte Vågå kommune ei utgreiing av tilhøva. Denne bestillinga er seinare orientert i dei fem andre kontrollutvala. Samtlege har fatta vedtak om kostnadsfordeling med utarbeiding av rapporten.

Vågå kontrollutval gjorde vedtak/innstilling til kommunestyret med anbefalingar og forslag til forbetringar i rutine ved regionkontoret, samt eit punkt om tilhøva til varslarar. I kommunestyrehandsaminga vart desse forslaga nedstemt, slik at kommunestyrevedtaket vart i samsvar med sekretariatets innstilling.

Vurdering:

Sekretær står fast på opprinneleg innstilling. Den sentrale problemstillinga i saka er dei rettslege høva om habilitet. Vurderinga er om dei involverte personane har handla innanfor gjeldande lovverk. Rapporten konkluderer med at aktørane har vore habile i avgjerslene dei har teke. Ein uavhengig, objektiv rapport er da lagt til grunn og klarlagt dei faktiske tilhøva.

Saka er handsama av Vågå kommunestyre. Da regionkontoret er eigd av kommunane som sjølvstendige einingar, meiner sekretær det er mest korrekt at kontrollutvalet sender saka til kommunestyret til ordinær handsaming.

Forslag til vedtak/innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.

Handsaming:

Sekretær orienterte om prosessen i saka og svara på spørsmål. Kontrollutvalet hadde ingen spesielle kommentarar til rapporten og saka.

Innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten "Ansettelse i Nord-Gudbrandsdal Regionråd" til etterretning og ser saka som avslutta.

Samrøystes



Skjåk kommune

SAKSBEHANDLER	MØTEDATO	ORGAN	SAK NR.
	8. mai 2020	Kontrollutvalget	12/2020

ARBEIDSMØTE

Kontrollutvalet drøftar aktuelle saker for vidare orientering eller handsaming.

Forslag til møtedatoar hausten 2020:

24. september

1. desember

Handsaming:

Kontrollutvalet ber om at Skjåk kommunes tertialrapport blir lagt fram i utvalsmøte til orientering.

Etter framlegg frå Laurits Ørjasæter endrast møtedatoar andsynes forslaget til fredagane 25. september og 4. desember.

Kontrollutvalet stilte spørsmål til kommunedirektør om framdrift ved revisjon av næringsfondsvedtekter. Han orienterte om at forslaget blir sendt ut fra administrasjonen i juni på høyring. Høyringsutkastet vil også bli sendt til næringslivet.

Utvalsleiar informerte om oppsigelsen til sekretær. Ny sekretær vil bli tilsett pr. 1. august 2020.

Vedtak:

- 1) Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering
- 2) Møtedagar 2. halvår 2020:
25. september
4. desember

Samrøystes